



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Planutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>30.09.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>Etter finansutvalet</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Nils P. Støyva, Ap**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Anders Ryssdal, Sp**  
**Noralv Distad, H**  
**Frank Willy Djuvik, Frp**  
**Marit Barsnes Krogsæter, V**  
**Trude Brosvik, Krf**

**Forfall til møtet:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Norvall Nøringset, SV**

**Varamedlemer til stades:**

**Arnstein Menes, Sp**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**  
**Svein Arne Skuggen Hoff**

**Sekretariat for møtet:**

**Annlaug Kjelstad**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 17.08.2015 vart godkjend utan merknader.

## **SAK 4/15      Regional plan for kysten - Planprogram**

**Frå fylkesdirektør for plan og samfunn låg det føre slik tilråding til vedtak:**

### **2.      Bakgrunn for arbeidet**

Planutvalet tek informasjonen til vitande

### **3.      Avgrensing, føremål med planarbeidet og mål for planen**

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov hjå dei einskilde kommunane. Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til anna strategisk planarbeid og - saman med kommunane - finn fram til prosessar som kan gje gjensidige synergjar.

### **4.      Tema til drøfting/utgreiing i planen**

Planutvalet sluttar seg til at nemnde tema og problemstillingar vert nytta som grunnlag for utarbeiding av eit planprogram. I tillegg ber Planutvalet om at følgjande problemstillingar vert med: ....

Planutvalet ber og om at det ved utsending av planprogram på høyring vert presisert at kommunane må kome med konkrete tilbakemeldingar på avgrensingar og prioriteringar.

### **5.      Prosess – medverknad, organisering og framdrift**

Planutvalet sluttar seg til milepelane i framdriftsplanen, med endeleg vedtak av kystplanen ultimo desember 2016. Planutvalet sluttar seg til at opplegget for sjølvje planarbeidet vert handsama som del av regional planstrategi, våren 2016, for å dimensjonere arbeidet i høve den samla vurderinga av planlegging i perioden.

### **Endringsframlegg:**

Frå Senterpartiet vart det fremja følgjande tilleggstekst til vedtakspunkt 4: «Bruk og forvaltning av verneområda».

### **Avrøysting:**

Dette vart einstemmig vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

#### **2.      Bakgrunn for arbeidet**

Planutvalet tek informasjonen til vitande

#### **3.      Avgrensing, føremål med planarbeidet og mål for planen**

Planutvalet sluttar seg til at det gjennom handsaming av planprogrammet vert konkretisert tydelegare mål for planarbeidet, avgrensing av arbeidet og konkretisert meir spesifikke behov hjå dei einsskilde kommunane. Planutvalet ber og om at planprosessen tek omsyn til anna strategisk planarbeid og - saman med kommunane - finn fram til prosessar som kan gje gjensidige synergjar.

#### **4. Tema til drøfting/utgreiing i planen**

Planutvalet sluttar seg til at nemnde tema og problemstillingar vert nytta som grunnlag for utarbeiding av eit planprogram. I tillegg ber Planutvalet om at følgjande problemstillingar vert med: Bruk og forvaltning av verneområda.

Planutvalet ber og om at det ved utsending av planprogram på høyring vert presisert at kommunane må kome med konkrete tilbakemeldingar på avgrensingar og prioriteringar.

#### **5. Prosess – medverknad, organisering og framdrift**

Planutvalet sluttar seg til milepelane i framdriftsplanen, med endeleg vedtak av kystplanen ultimo desember 2016. Planutvalet sluttar seg til at opplegget for sjølvje planarbeidet vert handsama som del av regional planstrategi, våren 2016, for å dimensjonere arbeidet i høve den samla vurderinga av planlegging i perioden.

-----